

# Uttale om stipendmottakarar 2025

Kultur- og folkehelseutvalet har tildelt stipend til følgande i 2025.

## Visuelle kunstartar, arbeidsstipend 200 000 kroner:

Lisette Escobar – Sula – keramikk – kunsthåndverk

Lisette Escobar er ein peruansk-fransk kunstnar med base i Sula kommune, der ho har budd sidan 2007. Hennes kunstnariske verksemd består hovudsakleg av keramiske skulpturar inspirerte av arkeologiske funn frå før-inkatida i Peru. Gjennom arbeida sine reflekterer ho over den menneskelege erfaringa og søker etter forbindelsar som kan knyte saman sivilisasjonar på tvers av grenser og tid. Eit gjennomgåande tema i kunstnarskapen hennar er liv og død, og den tidlause fascinasjonen mennesket har for si eiga dødelegheit.

Escobar har levert ein sterk og gjennomarbeidd søknad, der ho uttrykkjer eit tydeleg ønske om å vidareutvikle kunstnarskapen sin. Ho eksperimenterer med nye material og kombinerer det keramiske med til dømes vassbasert harpiks i soklar, noko som opnar for nye måtar å ta vare på og gjenvinne verk som elles kunne ha vorte kasta.

Ho arbeider for tida med fleire spennande prosjekt. Eitt av desse inneber ei reise til ulike museum i Europa, der ho vil undersøkje arkeologiske keramiske objekt frå Peru. Dette prosjektet er særskild aktuelt og relevant i lys av den pågåande prosessen med å dekolonisere europeiske museum – ein prosess som no pregar institusjonar over heile den vestlege verda. Gjennom eit kunstnarleg blikk på problematiske objekt – kva dei representerer, kvifor dei er der, og korleis dei kom dit – kan prosjektet få stor resonans og tilføre verdifulle perspektiv til museumsfeltet. Funna og refleksjonane hennar skal samlast i ei kunstnarbok.

Escobar er ein sterk kunstnar med ein klar og særprega stemme. Eit stipend vil vere til stor nytte i vidareutviklinga av kunstnarskapen hennar.

## Film, arbeidsstipend 200 000 kroner:

Idun Aalbu Rasmussen – Ålesund – film

Idun A. Rasmussen fortel historier tett på menneske og er oppteken av å skape prosjekt som publikum kjenner på kroppen.

Ho har sidan 2023 jobba med ein observerande og karakterdreven dokumentar som heiter «Pappas kamp for Syver». Syver ei ein 13 år gamal gut som har den sjeldne diagnosen JNCL, ei diagnose som fører til barnedemens. Filmen sin hovudkarakter er Øyvind Blindheim, pappa til Syver. Idun ønskjer å utforske og gi sjåaren eit tett og nært innblikk i spennet mellom ventese og håp. Prosjektet går over fleire år og gir eit unikt blikk på sorg og håp og spennet som ligg i dette.

## Film, stipend 50 000 kroner

Jakob Stærk – Ørsta – film

Søkar har i om lag ti år utvikla sitt kunstnarlege handverk innan naturfoto, film og portrettdokumentar. I fleire filmprosjekt viser Stærk evne til å sjå samanhengar og linjer i naturen, som han dreg inn i forteljingar om menneske. Han utforskar naturen og klarer å binde saman detaljar og store tablå på eint kraftfullt visuelt uttrykk, som samtidig er skjørt, subtilt og uutgrundeleg. Stærk sitt kunstnarlege prosjekt er å finne i samspelet mellom natur og menneske.

I Stærk sitt kunstnarskap ser vi evne til å finne likskapar mellom menneskets natur og naturen som omgjev karakterane hans – og samspelet som oppstår mellom desse. Dette er evner Stærk vil få bruk for i sitt nye filmprosjekt.

## Litteratur, stipend 100 000 kroner

Hilde Myklebust – Vanylven – forfattar

Hilde Myklebust har eit godt og langt forfattarskap bak seg. Sidan debuten i 2005 har ho skrive for både barn, ungdom og vaksne. Ho utviser godt handverk, komponerer engasjerande og gode historier, og skriv poesi med ein språkleg fintfølelse. I nyare tid har ho fått mykje merksemd for sine barne- og ungdomsbøker. Det er høg kvalitet på arbeidet ho gjer, og dette stipendet vil gi Myklebust meir tid til å fordjupe seg i dei kommande prosjekta sine.

## Litteratur, stipend 50 000 kroner

Øyvind Rangøy – Averøy – forfattar

Øyvind Rangøy har skrive lengje. Han vant den estiske debutantprisen, men debuterte seint i Noreg med «Dødsbu». Med ein norsk utgiving bak seg, har han likevel markert seg som ein tydeleg stemme i regionen og Norge, særleg i den norsk-estiske kulturutvekslinga, med både eige forfattarskap og eigne prosjekt som Rangøya internasjonale kultursenter. At han no flytter tilbake til heimplassen sin og skal leve av forfattarskapet sitt på heiltid, er spennande tider. Med dette stipendet vil han ha moglegheit til å skrive, og det vil vere første steg mot å realisere ein draum om å leve av litteraturen på Rangøya.

## Musikk, stipend 100 000 kroner

Vegard Kvamme Holum – Ålesund – musikal

Vegard Kvamme Holum er ein multi-instrumentalist, komponist/arrangør og pedagog med base i Ålesund.

Han kjem frå den rytmiske sjangeren, men jobbar også aktivt innan eit mangfald av sjangrar både som bandleiar og utøvar.

Søknaden viser ein omfattande produksjon som både komponist og utøvar.

Holum har solid musikkfaglege utdanning, og gjennom ei imponerende liste av grupper han er med i, viser han ei nysgjerrigheit for nye konstellasjonar og openheit for andre sine uttrykk.

Det er særleg innan komponering han vil bruke meir tid på framover, og vil oppsøke fleire komponistar for fagleg påfyll.

Han ser sin kunstnarar i ein samfunnsmessig kontekst, der lokale kunstnarar som han, kulturelle mangfald og unike særpreg kan generere gode forbilete for til dømes barn og unge.

## Musikk, stipend 50 000 kroner

Vetle Nærø – Ålesund – musikal

Vetle Nærø er ein ung musikal frå Ålesund som i fleire år og i stor grad har kopla sitt skapande virke som pianist, komponist og lyddesignar.

Han har dokumentert musikkproduksjon, utgivingar og aktivitet på eit høgt nivå og på ein slik måte at han har oppnådd tilfredsstillande realkompetanse.

Musikken har eit funksjonelt formål om å invitere til ro, trygghet og ettertanke. Han koplar seg på personar som har praksisar som for eksempel yoga eller guida pustearbeid.

Nærø har ei meining med dei ulike prosjekta og viser til at mange menneske ønsker heilskaplege opplevingar som skapar ro og kontemplasjon.

Ved å komponere, spele inn musikk og vere med på ulike event ønsker han å utforske dette området vidare og bidra til formålet.

Nærø er ein musikal som har god kjennskap til moderne formidlingsmåtar, og han nyttar ulike verkemidlar for å skape, utøve og formidle musikk på ei heilskapeleg måte.

## Scenekunst, stipend 80 000 kroner

Jimu Makurumbandi - Kristiansund – dansar

Makurumbandi viser i søknaden til sin verksemd som pedagog og underviser, men også til arrangering av framsyningar kor unge og andre profesjonelle medverkar.

Søkaren er ein viktig bidragsytar, ikkje minst grunna sin mangesidige profesjonelle bakgrunn. Samtidig er han ein viktig og inspirerende pedagog og kunstnar som evner å løfte fram andre utøvarar i fylket. Han har ein tverrfagleg tilnærming til dans og musikk, og det er viktig å støtte opp om han sitt initiativ og verksemd.

## Scenekunst, stipend 20 000 kroner

Karen Emilie Nes – Ålesund - skodespelar

Karen Emile Nes er ein yngre kunstnar som skodespelar og teaterbakgrunn. Ho søker støtte til to prosjekt.

Søkaren er opptatt av helse, klima og miljø og ønsker å nå ut til målgrupper som ikkje får eller har moglegheit til å oppleve og delta i teater på linje med andre. Prosjektet *De redde* bruker film og kan sjåast som eit nyskapande prosjekt. Ho ønsker å belyse aspektar ved helse og natur, og samtidig vise at fylket har ein egen særeigen natur verdt å få fram for publikum.

Karen Emilie Nes er ein ung kunstnar i etableringsfasen som fortener å bli støtta.

## Visuelle kunstartar, stipend 100 000 kroner

Simon Wågsholm – Skodje – biletkunstnar

Simon Wågsholm er ein dyktig og spennande kunstnar med ein særeigen måte å arbeide på. Han har ein interessant tilnærming til både konsept og form, og prosjekta hans spenner vidt. Særleg merkjer ein seg arbeida han gjer i det offentlege rom – ofte humoristiske og temporære skulpturar som på ein leiken måte utfordrar det konvensjonelle kunststrommet.

Wågsholm har fleire utstillingar framover, og planlegg å starte eit visingsrom eller ei arena for unge kunstnarar. Eit slikt initiativ vil vere eit viktig tilskot til kunstfeltet i regionen, og viser eit engasjement for å skape fellesskap og nye moglegheiter for andre kunstnarar.

Han har levert ein solid søknad og viser stor breidde i arbeidet sitt. Gjennom eit mangfald av prosjekt framstår han som ein allsidig kunstnar som kontinuerleg utforskar og utviklar eige kunstenarskap. Han tenkjer nytt, og viser stor eksperimentvilje innanfor målerisjangeren. Refleksjonane hans kring det å plassere måleri i landskapet, om å male plein air og setje måleri og skulptur i direkte dialog med omgjevnadene, er både interessante og insisterande.

Ein sit att med ei sterk kjensle av nysgjerrigheit for kva han vil gjere vidare – og kva retningar kunstnarskapen hans kan ta i framtida.

## Visuelle kunstartar, stipend 50 000 kroner

Heidi Rødstøl – Rauma – biletkunstnar

Det er eit interessant og relevant prosjekt. Det er spennande at kunstnaren vel å ikkje å forhalda seg til dei vanlege visningsarenaene for kunst, men gjennomføre prosjekta sine gjerne i forlatne bygg og tek i bruk ulike tilnærmingar. Det særst interessant at ho jobbar med lokalsamfunnet og tek tak i lokale problematikkar.